

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkestinget</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - fylkeshuset</b>
<b>Møtedato</b>	<b>06. og 07.12.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00</b>

År 2016, 6. desember kl. 10.00, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på Fylkeshuset, Leikanger.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 21. november 2016. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjend.

Representanten Karen Marie Hjelmeseter hadde meldt forfall til tingseta. I hennar stad møtte Per Atle Kjøllesdal. Fylkestinget godkjende forfallet til Hjelmeseter.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

### **SENERPARTIET:**

Jenny Følling  
Sigurd Erlend Reksnes  
Aleksander Øren Heen  
Gunn Åmdal Mongstad  
Anders Ryssdal  
Arnstein Menes  
Ole Johnny Stubhaug  
Gunn Karin Sande  
Erlend Haugen Herstad  
Per Atle Kjøllesdal

### **ARBEIDERPARTIET:**

Åshild Kjelsnes  
Hilmar Høl  
Helen Hjertaas  
Torbjørn Vereide  
Harald Bjarte Reite  
Karianne Torvanger  
Henrik Oppen  
Odd Atle Stegegjerdet  
Senea Sabanovic

### **HØGRE:**

Noralv Distad  
Sonja Merethe Øvre-Flo  
Bjørn Erik Hollevik  
Anne Kristin Lilleaasen

### **FRAMSTEGSPARTIET:**

Frank Willy Djuvik  
Marita Gunn Aarvik

**VENSTRE:**

Gunhild Alis Berge Stang  
Alfred Bjørlo

**KRISTELEG FOLKEPARTI:**

Trude Brosvik  
Jon Olav Kvamme

**SOSIALISTISK VENSTREPARTI:**

Jakob André Sandal

**MILJØPARTIET DEI GRØNE:**

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføreren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføreren valde fylkestinget Svein Hågård, Merete Husabø Nornes og Marit Silje Husabø som sekretariat.

Representantane Aleksander Øren Heen og Frank Willy Djuvik vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføreren opplyste at sakene var sendt ut slik:

Sakene 44/16 - 51/16	Sendt ut 28. november 2016
Sak 52/16	Sendt ut 29. november 2016
Sakene 53/16 og 54/16	Sendt ut 1. desember 2016

Saklista vart godkjend.

Representanten Stein Faleide Malkenes hadde på førehand meldt inn ein førespurnad til fylkesordføreren. Fylkesordføreren varsla at ho ville svare på førespurnaden til slutt i tingseta.

Ordføreren i Leikanger kommune, Jon Håkon Odd, helsa fylkestinget.

Gründerprisen for ungdom 2016 vart delt ut til REMB technologies.

Fylkeskulturprisen 2016 vart delt ut til Ove Henning Solheim og Dans Uten Grenser.

Fylkesordføreren heldt tale til fylkestinget. Det vart avvikla debatt etter fylkesordføreren sin tale.

Sak 52/16 vart handsama etter sak 54/16. Elles vart sakene handsama i den rekkjefølgja som framgår under.

Karianne Torvanger meldte forfall til andre dag av tingseta og deltok ikkje ved handsaminga av sakene 51 - 54/16. Marie-Helene Hollevik Brandsdal tok sete i tinget i Torvanger sitt fråvær.

**SAK 44/16      Anbud 2016 - Rammeavtale forvaltningsrevisjon 2017 - 2019 - val av leverandør**

**VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår rammeavtale med Deloitte AS for leveranse av forvaltningsrevisjon for perioden 1.6.2017 – 31.5.2019 med opsjon for Sogn og Fjordane fylkeskommune til å forlenge avtalen med to år.

-----

**SAK 45/16      Søknad om fritak frå verv - Jorunn Ringstad - eventuelt  
suppleringsval**

**VEDTAK:**

Jorunn Ringstad får fritak frå vervet som medlem i kontrollutvalet for resten av valperioden 2015 – 2019.

Fylkestinget vel som nytt medlem i kontrollutvalet etter Jorunn Ringstad: Karoline Aldis Bjerkeset

Fylkestinget vel Nikolai Åshamar som siste varamedlem til hovudutvalet for samferdsle som erstattar for Karoline Aldis Bjerkeset, som ikkje lenger er valbar til dette vervet.

-----

**SAK 46/16      Endring i forskrift for dekking av skyssutgifter for  
pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og  
Fjordane**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta gjeld berre dersom pasienten ikkje får dekkja reisa på anna måte.
2. Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane dekkjer skyssutgifter for prioritert klientell i gruppe A (barn og ungdom frå fødsel t.o.m. det året dei fyller 18), gruppe B (psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon) og gruppe C2 (eldre, langtidssjuka og uføre med kommunal heime- sjukepleie), jf. lov om tannhelsetenesta. Ordninga inngår ikkje i frikortordningar, og søknader om skyssrefusjon skal handsamast av den offentlege tannhelsetenesta.
3. Det er den rimelegaste reisemåten (buss, båt) som vert dekkja. Bil kan nyttast dersom helse- tilstanden til pasienten eller rutetider for offentleg transport tilseier at dette er mest hensiktsmessig.
4. Pasienten/ føresette må sjølv betale reisekostandane og få refundert desse i etterkant.
5. Eigenandelen på kr. 1000,- er per kalenderår.
6. Ved bruk av privat bil vil taksten pr. km følgje Helsenorge.no sin standardsats for transport, fastsatt årleg av Stortinget.
7. Overnatting vert ikkje dekkja.
8. Utlegg for følgje etter at pasienten har fylt 12 år blir ikkje dekkja.
9. Tapt arbeidsforteneste for ledsagar vert ikkje dekkja.
10. Søknad om dekking av reiseutgifter må vere innsendt innan utgangen av året.
11. Fylkesutvalet er klageinstans.
12. Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2017.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 8:

Reiseutgifter for følgje til barn mellom 12 og 14 år kan verte dekkja dersom særlege omstende, til dømes ekstra lang reiseveg, tilseier det. Det skal utarbeidast retningslinjer for dette. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne retningslinjene.

**Framstegspartiet og Venstre** sette fram slikt framlegg til nye punkt 3, 5 og 8:

Punkt 3: Det er den rimeligaste reisemåten (buss båt) som vert dekkja. Bil kan nyttast dersom helsetilstanden til pasienten eller rutetider for offentlig transport tilseier at dette er hensiktsmessig. Herunder kjem også drosje.

Punkt 5: Eigenandelen på kr. 500 er pr. kalenderår pr. barn.

Punkt 8: Utlegg for følgje etter at pasienten har fylt 14 år, vert ikkje dekkja.

**Avrøysting:**

Framlegg til nytt punkt 3 og 8 frå Framstegspartiet og Venstre fekk 8 røyster og vart forkasta. Framlegg til nytt punkt 5 frå Framstegspartiet og Venstre fekk 9 røyster og vart forkasta. Framlegg til nytt punkt 8 frå Senterpartiet fekk 19 røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå fylkesutvalet, med den vedtekne endringa i punkt 8, vart deretter samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta gjeld berre dersom pasienten ikkje får dekkja reisa på anna måte.
2. Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane dekkjer skyssutgifter for prioritert klientell i gruppe A (barn og ungdom frå fødsel t.o.m. det året dei fyller 18), gruppe B (psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon) og gruppe C2 (eldre, langtidssjuka og uføre med kommunal heime-sjukepleie), jf. lov om tannhelsetenesta. Ordninga inngår ikkje i frikortordningar, og søknader om skyssrefusjon skal handsamast av den offentlege tannhelsetenesta.
3. Det er den rimelegaste reisemåten (buss, båt) som vert dekkja. Bil kan nyttast dersom helse-tilstanden til pasienten eller rutetider for offentlig transport tilseier at dette er mest hensiktsmessig.
4. Pasienten/ føresette må sjølv betale reisekostandane og få refundert desse i etterkant.
5. Eigenandelen på kr. 1000,- er per kalenderår.
6. Ved bruk av privat bil vil taksten pr. km følgje Helsenorge.no sin standardsats for transport, fastsatt årleg av Stortinget.
7. Overnatting vert ikkje dekkja.
8. Reiseutgifter for følgje til barn mellom 12 og 14 år kan verte dekkja dersom særlege omstende, til dømes ekstra lang reiseveg, tilseier det. Det skal utarbeidast retningslinjer for dette. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne retningslinjene.
9. Tapt arbeidsforteneste for ledsagar vert ikkje dekkja.
10. Søknad om dekking av reiseutgifter må vere innsendt innan utgangen av året.
11. Fylkesutvalet er klageinstans.
12. Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2017.

-----  
**SAK 47/16      KVVU rv. 7 / rv. 52 Gol - Voss, fråsegn**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane støttar Statens vegvesen si tilråding om rv. 52 over Hemsedalsfjellet som hovudvegsamband mellom aust og vest.
2. Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at dei prosjektutløysande behova om redusert reisetid og transportkostnader for både nærings- og persontransport, og betre vinterregularitet, bør vere avgjerande ved val av nytt hovudvegsamband mellom aust og vest. Rv. 52 over Hemsedalsfjellet er vurdert å tilfredsstillе dei prosjektutløysande behova best.
3. E134 er allereie vedteke som nasjonalt hovudvegsamband mellom Vest- og Austlandet. Fylkestinget legg til grunn at E134 vert bygd med arm (diagonal) frå Odda til Bergen. Aust-vest-utgreiinga konkluderte med at dette er det einaste samfunnsøkonomisk lønsame aust-vest konseptet mellom Oslo og Bergen. Med ei slik utbygging av E134 vil det ikkje vere trafikkgrunnlag for å velje rv. 7 som nasjonalt hovudvegsamband aust-vest.
4. Fylkestinget legg til grunn ei framtidig koping til rv.5, med ferjefritt samband Mannheller – Fodnes og utbetring av kritiske punkt. Ei slik tilknytning kan fange opp store delar av aust-vesttrafikken frå Sogn og Fjordane og delar av Sunnmøre til Austlandet.
5. Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at E16 må fullførast som planlagt.

#### **Endringsframlegg:**

##### **Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget ønsker å sjå vidare behov for bygging av store vegprosjekt i samband med reduksjonsmåla av klimagassutslepp i Parisavtalen og klimasatsinga i NTP slik vegdirektøren orienterte om på NTP-konferansen på Skei i april. Fylkestinget kan ikkje sjå at KVVU rv. 7 / rv 52 Gol-Voss er tilstrekkeleg utgreidd i høve Parisavtalen. Dette gjeld så vel direkte- og indirekte klimagassutslepp både i anleggs- og driftstida til prosjektet, samt mangelfull klimabudsjettering for prosjektets livsløp.

Fylkestinget kan heller ikkje sjå at bygging av store vegprosjekt som RV 52, er i samsvar med Stortinget, Regjeringa og EU sine vedtak om overføring av godstransport frå veg til sjø, men at prosjektet tvert imot vil auke godstransport på veg for å vere «samfunnsøkonomisk lønsamt». Fylkestinget støttar hovudintensjonen i punkt 5 i innstillinga ved å gå inn for fullføring av E16 over Filefjell.

##### **Avrøysting:**

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 1 røyst og vart forkasta.

Tilrådinga frå fylkesutvalet vart vedteken mot 1 røyst.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane støttar Statens vegvesen si tilråding om rv. 52 over Hemsedalsfjellet som hovudvegsamband mellom aust og vest.
2. Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at dei prosjektutløysande behova om redusert reisetid og transportkostnader for både nærings- og persontransport, og betre vinterregularitet, bør vere avgjerande ved val av nytt hovudvegsamband mellom aust og vest. Rv. 52 over Hemsedalsfjellet er vurdert å tilfredsstillе dei prosjektutløysande behova best.
3. E134 er allereie vedteke som nasjonalt hovudvegsamband mellom Vest- og Austlandet. Fylkestinget legg til grunn at E134 vert bygd med arm (diagonal) frå Odda til Bergen.

Aust-vest-utgreiinga konkluderte med at dette er det einaste samfunnsøkonomisk lønnsame aust-vest konseptet mellom Oslo og Bergen. Med ei slik utbygging av E134 vil det ikkje vere trafikkgrunnlag for å velje rv. 7 som nasjonalt hovudvegsamband aust-vest.

4. Fylkestinget legg til grunn ei framtidig kopling til rv.5, med ferjefritt samband Mannheller – Fodnes og utbetring av kritiske punkt. Ei slik tilknytning kan fange opp store delar av aust-vesttrafikken frå Sogn og Fjordane og delar av Sunnmøre til Austlandet.
5. Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at E16 må fullførast som planlagt.

---

**SAK 48/16      Tilleggsutgreiing til KVU Rv. 15 Strynefjellet med heilårsveg på fv. 63 til Geiranger, fråsegn**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane tilrår alternativ B1 med sidearm til Geiranger som framtidig løysing for rv. 15 over Strynefjellet.
2. For å unngå oppgradering av dagens tunnelar etter krava i tunnelsikkerheitsforskrifta innan 2019, krev fylkestinget at arbeidet med reguleringsplan for tilrådd løysing vert starta opp så raskt som mogleg.
3. Når det gjeld sidearm på fv. 63 til Geiranger legg fylkestinget til grunn at planlegging og finansiering må vera ei sak for Møre og Romsdal fylkeskommune.

---

**SAK 49/16      Fylkeskommunen sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS**

Fylkestinget fann representantane Ryssdal, Distad, Kjelsnes og Kjøllesdal ugilde til å delta ved handsaminga av saka.

Gro Starheimsæter og Marit Aakre Tennø tok sete i tinget for Ryssdal og Kjøllesdal. Ole-Gunnar Krakhellen tok sete i tinget for Distad. Marie-Helene Hollevik Brandsdal tok sete i tinget for Kjelsnes.

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen arbeide vidare med å sikre at dei verdiar som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen skal løpande konsultere og orientere fylkesutvalet i saka.
2. Fylkestinget gjev fylkesrådmannen fullmakt til å overføre aksjane i SFE AS til Sogn og Fjordane Holding AS.

3. Fylkestinget er innforstått med at det i ei samtidig budsjettsak (budsjett 2017) er sett av midlar til å engasjere eksterne rådgjevarar i det vidare arbeidet med denne saka.

**Endringsframlegg:**

**Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Punkt 2 i saka utsettast.

Fylkestinget ber om ei grundigare juridisk vurdering av tiltaket før vidare handsaming.

**Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 2:

Fylkestinget gjev Fylkesutvalet fullmakt til å overføre aksjane i SFE AS til Sogn og Fjordane Holding AS etter ei juridisk vurdering.

**Avrøysting:**

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 1 røyst og vart forkasta.

Framlegget frå Framstegspartiet fekk 10 røyster og vart forkasta.

Punkta 2 og 3 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart deretter samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen arbeide vidare med å sikre at dei verdiar som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen skal løpende konsultere og orientere fylkesutvalet i saka.
2. Fylkestinget gjev fylkesrådmannen fullmakt til å overføre aksjane i SFE AS til Sogn og Fjordane Holding AS.
3. Fylkestinget er innforstått med at det i ei samtidig budsjettsak (budsjett 2017) er sett av midlar til å engasjere eksterne rådgjevarar i det vidare arbeidet med denne saka.

-----

**SAK 50/16      Endringar i budsjettet for 2016**

**VEDTAK:**

**A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2016**

1. Budsjettert fylkesskatt vert auka med 10,000 mill. kr.
2. Rammetilskotet vert auka med 7,750 mill. kr.
3. Driftsmidlar til investering vert auka med 5,300 mill. kr.
4. Budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter vert fordelt slik:

Renteinntekter	21,140 mill. kr
Renteutgifter	51,000 mill. kr
Avdrag	174,538 mill. kr
5. Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 19,337 mill. kr. Sektorbudsjetta vert auka med 16,191 mill. kr i samsvar med vedlegg 2.

6. Teneste 4800 Juridisk honorar og andre konsulentutgifter vert auka med 15,000 mill. kr. 4,400 mill. kr av dette vert nytta til juridisk honorar/konsulentutgifter i 2016. Dei resterande 10,600 mill. kr vert avsett til bufferfondet.
7. Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 3,600 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 5100 Utgifter til lokale vert auka med 0,800 mill. kr.*  
*Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 1,400 mill. kr.*  
*Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 3,000 mill. kr.*
8. Teneste 7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid vert redusert med 2,000 mill. kr. Avsetjing til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.
9. Teneste 4606 Diverse tilskot vert auka med 0,300 mill. kr.
10. Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 18,896 mill. kr.

**B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2016**

1. I investeringsprogrammet for bygg vert det gjort følgjande endringar:  
*EK001 Eigenkapitalinnskott KLP vert auka med 0,300 mill. kr.*  
*EK004 Fjord Invest Såkorn AS vert auka med 5,000 mill. kr.*  
Finansieringsplanen vert endra slik:  
*Driftsmidlar til investering vert auka med 5,300 mill. kr til samla 25,786 mill. kr.*  
*Avrekning kjøp av tomt Sogndal vgs. vert redusert med 2,722 mill. kr til 0,778 mill. kr.*  
*Lånemidlar 2016 vert auka med 2,707 mill. kr til samla 123,500 mill. kr.*  
*Mva. kompensasjon vert auka med 0,015 mill. kr til samla 44,862 mill. kr.*
2. Nettoinntekter frå sal av anleggsmidlar vert redusert med 6,650 mill. kr til 6,302 mill. kr. Ekstraordinære avdrag vert redusert tilsvarande.
3. Ekstraordinært utbytte vert auka med 282,000 mill. kr. Avsetjing til ubunde investeringsfond vert auka tilsvarande.

-----

**SAK 51/16      Budsjett / økonomiplan 2017-2020**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Dokumentet «Budsjett 2017/økonomiplan 2017-20» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2017-20.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet «Budsjett 2017/økonomiplan 2017-20».
3. Driftsbudsjettet for 2017 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B, slik:



<b>1 A (tal i mill. kr)</b>	<b>Budsjett 2017</b>
Skatt på inntekt og formue	618,302
Ordinært rammetilskot	1706,993
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	69,480
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>2394,775</b>
Renteinntekter og utbytte	82,540
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutgifter, provisjonar og andre finanseringsutgifter	55,000
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	141,700
<b>Netto finansinntekter/utgifter</b>	<b>-114,160</b>
Til dekking av tidlegare reknskapsmessig meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	59,626
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknskapsmessig mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	9,340
Bruk av bundne avsettingar	0,000
<b>Netto avsettingar</b>	<b>-50,286</b>
Overført til investeringsbudsjettet	18,900
Til fordeling drift	2211,429
<b>Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)</b>	<b>2211,429</b>
<b>Meir/mindreforbruk</b>	<b>0,000</b>

<b>1B (tal i mill. kr)</b>		
	<b>PROGRAMOMRÅDE</b>	<b>Budsjett 2017</b>
<b>400</b>	POLITISK STYRING	45,191
<b>410</b>	KONTROLL OG REVISJON	4,529
<b>420</b>	ADMINISTRASJON	79,791
<b>421</b>	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORV.	9,419
<b>430</b>	ADMINISTRASJONSLOKALE	5,980
<b>460</b>	TENESTE UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	0,675
<b>480</b>	DIVERSE FELLESUTGIFTER	10,875
<b>715</b>	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,818
	<b>SUM FORVALTNING</b>	<b>173,278</b>
<b>510</b>	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,008
<b>515</b>	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	61,656
<b>520</b>	PED. LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	108,652
<b>521-532</b>	UTDANNINGSPROGRAMMA	334,036
<b>554</b>	FAGSKULE	24,961
<b>559</b>	LANDSLINER	5,067
<b>561</b>	OPPFØLGINGSTENESTA TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	20,208

<b>562</b>	TILPASSA OPPLÆRING	67,796
<b>570</b>	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	101,319
<b>581</b>	VAKSENOPPLÆRING ETTER OPPLÆRINGSLOVA	10,945
<b>590</b>	ANDRE FØREMÅL	9,415
	<b>SUM OPPLÆRING</b>	<b>849,063</b>
<b>660</b>	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	17,200
<b>665</b>	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	64,331
	<b>SUM TANNHELSE</b>	<b>81,531</b>
<b>701</b>	TILRETTEL,/STØTTEF./FINANSIERINGSBISTAND FOR NÆRINGSLIVET	83,217
<b>716</b>	FRILUFTSLIV OG MILJØ	1,962
<b>740</b>	BIBLIOTEK	5,779
<b>750</b>	KULTURMINNEVERN	12,090
<b>760</b>	MUSEUM	15,469
<b>771</b>	KUNSTFORMIDLING	9,912
<b>772</b>	KUNSTPRODUKSJON	11,952
<b>775</b>	IDRETT	2,756
<b>790</b>	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,232
	<b>SUM NÆRING og KULTUR</b>	<b>151,369</b>
<b>722</b>	FYLKESVEGAR, MILJØ- OG TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK	536,585
<b>730</b>	BILRUTER	239,829
<b>731</b>	FYLKESVEGFERJER	129,949
<b>732</b>	BÅTRUTER	94,719
<b>733</b>	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,506
	<b>SUM SAMFERDSLE</b>	<b>1011,588</b>
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-55,400
	<b>TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A</b>	<b>2211,429</b>

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordelinga av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen tidleg i 2017 om å kome med ei tilråding til justert budsjett 2017 og tilhøyrande økonomiplan (2017-20) basert på relevante postar i føreliggjande budsjettavtale mellom regjeringa og samarbeidspartia i Stortinget.

4. Kapitalbudsjettet for 2017 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber slik finansiering og sektorfordeling:

<b>2A, tal i mill. kr</b>	<b>Budsjett 2017</b>
Investeringar i anleggsmidlar	546,011
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekka	0,000
Avsettingar	0,000
<b>Finansieringsbehov inneverande år</b>	<b>548,011</b>

Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidler	262,600
Inntekter frå sal av anleggsmidler	0,000
Tilskot til investeringar	128,100
Kompensasjon for meirverdiavgift	98,011
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	17,900
Andre inntekter	0,000
Sum ekstern finansiering	506,611
Overført frå driftsbudsjettet	18,900
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsettingar	22,500
<b>Sum finansiering</b>	<b>548,011</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0,000</b>

2B, tal i mill. kr	Budsjett 2017
Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	141,411
Tannhelse	5,500
Samferdsle	387,800
Kultur	1,300
Felles inntekter/utgifter	2,000
<b>Sum fordelt - frå 2A</b>	<b>548,011</b>

5. Økonomiplanen sine rammer for 2018-20 skal i utgangspunktet leggast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

#### Endringsframlegg:

**Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet, Arbeidarpartiet og Høgre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

I påvente av at saka om veg til Skipavika kjem opp i fylkestinget i april 2017 blir det vert sett av kr. 6 millionar til delfinansiering av ny veg til industriarealet i Skipavika, finansiert over bufferfondet.

**Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet og Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd kr 100.000 til Visit Fjordkysten og kr 100.000 til Sunnfjord Næringsutvikling i 2017. Visit Fjordkysten og Sunnfjord Næringsutvikling skal framleis ta del i tilskot til destinasjonsselskapa i 2018, og fordelingsnøkkelen skal baserast på gjennomsnitt av gjestedøgn dei siste tre år, i tråd med gjeldande vedtak. Løyvinga i 2017 vert finansiert ved bruk av bufferfond.

**Høgre, Framstegspartiet og Venstre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget aukar tilskotet til Sogn og Fjordane Idrettskrins med kr 200 000,-  
Finansiering frå bufferfondet

**Avrøysting:**

Framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre og Kristeleg Folkeparti om veg til Skipavika, og framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet og Miljøpartiet Dei Grøne vart samrøystes vedtekne.

Framlegget frå Høgre, Framstegspartiet og Venstre fekk 11 røyster og vart forkasta.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, med vedtekne endringar, vart deretter samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Dokumentet «Budsjett 2017/økonomiplan 2017-20» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2017-20.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet «Budsjett 2017/økonomiplan 2017-20».
3. Driftsbudsjettet for 2017 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjett skjema 1A og 1B, slik:

<b>1 A (tal i mill. kr)</b>	<b>Budsjett 2017</b>
Skatt på inntekt og formue	618,302
Ordinært rammetilskot	1706,993
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	69,480
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>2394,775</b>
Renteinntekter og utbytte	82,540
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutgifter, provisjonar og andre finanseringsutgifter	55,000
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	141,700
<b>Netto finansinntekter/utgifter</b>	<b>-114,160</b>
Til dekking av tidlegare reknskapsmessig meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	59,626
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknskapsmessig mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	9,540
Bruk av bundne avsettingar	0,000
<b>Netto avsettingar</b>	<b>-50,086</b>
Overført til investeringsbudsjettet	18,900
Til fordeling drift	2211,629
<b>Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)</b>	<b>2211,629</b>
<b>Meir/mindreforbruk</b>	<b>0,000</b>

<b>1B (tal i mill. kr)</b>		
	<b>PROGRAMOMRÅDE</b>	<b>Budsjett 2017</b>
<b>400</b>	POLITISK STYRING	45,191
<b>410</b>	KONTROLL OG REVISJON	4,529
<b>420</b>	ADMINISTRASJON	79,791
<b>421</b>	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORV.	9,419
<b>430</b>	ADMINISTRASJONSLOKALE	5,980
<b>460</b>	TENESTE UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	0,675
<b>480</b>	DIVERSE FELLESUTGIFTER	10,875
<b>715</b>	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,818
	<b>SUM FORVALTNING</b>	<b>173,278</b>
<b>510</b>	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,008
<b>515</b>	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	61,656
<b>520</b>	PED. LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	108,652
<b>521-532</b>	UTDANNINGSPROGRAMMA	334,036
<b>554</b>	FAGSKULE	24,961
<b>559</b>	LANDSLINER	5,067
<b>561</b>	OPPFØLGINGSTENESTA TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	20,208
<b>562</b>	TILPASSA OPPLÆRING	67,796
<b>570</b>	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	101,319
<b>581</b>	VAKSENOPPLÆRING ETTER OPPLÆRINGSLOVA	10,945
<b>590</b>	ANDRE FØREMÅL	9,415
	<b>SUM OPPLÆRING</b>	<b>849,063</b>
<b>660</b>	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	17,200
<b>665</b>	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	64,331
	<b>SUM TANNHELSE</b>	<b>81,531</b>
<b>701</b>	TILRETTEL./STØTTEF./FINANSIERINGSBISTAND FOR NÆRINGSLIVET	83,417
<b>716</b>	FRILUFTSLIV OG MILJØ	1,962
<b>740</b>	BIBLIOTEK	5,779
<b>750</b>	KULTURMINNEVERN	12,090
<b>760</b>	MUSEUM	15,469
<b>771</b>	KUNSTFORMIDLING	9,912
<b>772</b>	KUNSTPRODUKSJON	11,952
<b>775</b>	IDRETT	2,756
<b>790</b>	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,232
	<b>SUM NÆRING og KULTUR</b>	<b>151,569</b>
<b>722</b>	FYLKESVEGAR, MILJØ- OG TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK	536,585
<b>730</b>	BILRUTER	239,829
<b>731</b>	FYLKESVEGFERJER	129,949
<b>732</b>	BÅTRUTER	94,719
<b>733</b>	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,506
	<b>SUM SAMFERDSLE</b>	<b>1011,588</b>
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-55,400
	<b>TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A</b>	<b>2211,629</b>



Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordelinga av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen tidleg i 2017 om å kome med ei tilråding til justert budsjett 2017 og tilhøyrande økonomiplan (2017-20) basert på relevante postar i føreliggjande budsjettavtale mellom regjeringa og samarbeidspartia i Stortinget.

I påvente av at saka om veg til Skipavika kjem opp i fylkestinget i april 2017 blir det sett av kr. 6 millionar til delfinansiering av ny veg til industriarealet i Skipavika, finansiert over bufferfondet.

Det vert løyvd kr 100.000 til Visit Fjordkysten og kr 100.000 til Sunnfjord Næringsutvikling i 2017. Visit Fjordkysten og Sunnfjord Næringsutvikling skal framleis ta del i tilskot til destinasjonsselskapa i 2018, og fordelingsnøkkelen skal baserast på gjennomsnitt av gjestedøgn dei siste tre år, i tråd med gjeldande vedtak. Løyvinga i 2017 vert finansiert ved bruk av bufferfond.

4. Kapitalbudsjettet for 2017 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber slik finansiering og sektorfordeling:

2A, tal i mill. kr	Budsjett 2017
Investeringar i anleggsmidlar	546,011
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekka	0,000
Avsettingar	0,000
<b>Finansieringsbehov inneverande år</b>	<b>548,011</b>
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	262,600
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	128,100
Kompensasjon for meirverdiavgift	98,011
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	17,900
Andre inntekter	0,000
Sum ekstern finansiering	506,611
Overført frå driftsbudsjettet	18,900
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsettingar	22,500
<b>Sum finansiering</b>	<b>548,011</b>
<b>Udekka/udisponert</b>	<b>0,000</b>

2B, tal i mill. kr	Budsjett 2017
--------------------	---------------

Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	141,411
Tannhelse	5,500
Samferdsle	387,800
Kultur	1,300
Felles inntekter/utgifter	2,000
<b>Sum fordelt - frå 2A</b>	<b>548,011</b>

5. Økonomiplanen sine rammer for 2018-20 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

-----

## **SAK 52/16      Regionreforma og Sogn og Fjordane fylkeskommune**

### **Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane er positiv til at det vert etablert ein sterk og attraktiv folkevald Vestlandsregion med høg kvalitet i tenestene til innbyggjarane og ei framtidsretta samfunnsutvikling.
2. Fylkestinget legg til grunn at eit fleirtal i Stortinget i handsaming av St.mld. nr 22 tidlegare i år har sagt at det folkevalde regionale nivået skal reduserast vesentleg. Fylkestinget vil at Sogn og Fjordane vert ein del av ein større region, og syner i denne samanheng til intensjonsplanen av 15.09.2016 og den gjennomførte hørings-prosessen. Fylkestinget syner særleg til dei innkomne uttalane frå kommunane.  
  
Fylkestinget vil , med grunnlag i inndelingslova, søkje statleg styresmakt om samanslåing med grunnlag i intensjonsplanen. Det er ein føresetnad at Hordaland og Rogaland fylkeskommunar søker tilsvarande.  
Fylkestinget vil nemne opp sine representantar til fellesnemnda jf. Inndelingslova §26.  
Fylkestinget vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.
3. Fylkestinget understrekar at det er heilt uakseptabelt å dele noverande Sogn og Fjordane mellom ulike regionar.
4. Fylkestinget legg intensjonsplanen av 15.09.16 til grunn for ein ny vestlandsregion, med følgjande presiseringar:
  - a) Det er ein viktig føresetnad at krava om oppgåver som er fremja i kapittel 10 i Intensjonsplanen vert følgt opp frå sentrale styresmakter både når det gjeld eksisterande og nye oppgåver.
  - b) Den framtidige administrasjons - og tenestestrukturen må byggje på desentralisering, makt - spreining og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette må gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre sine oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering må dette prinsippet stå sentralt.
  - c) Fylkestinget i Sogn og Fjordane føreset at Vestlandsregionen skal ha nynorsk som administrasjonsspråk.Fylkestinget i Sogn og Fjordane føreset at Vestlandsregionen gjer vedtak om at staten bruker nynorsk til regionen.

d) Dersom dei nye folkevalde regionane (nasjonalt) får svært ulike innbyggjartal, må Stortinget kunne fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom staten og regionane.

e) Ekspertutvalet som i 2017 skal opprettast i samband med regionreforma, må leggje til rette for at Stortinget kan overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Både rolla som samfunnsutviklar og rolla som leverandør av offentlege tenester og velferdsytingar må styrkast. Fylkeskommunane må vere godt representerte i nemnde utval.

f) Fylkesmannsembetet på Vestlandet må få ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Fylkesmannsembetet må få ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leining frå Sogn og Fjordane.

g) Vi syner elles særleg til premissane i intensjonsavtalen sitt kapittel 10, som også er omtala tidlegare i dette vedtaket.

5. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i desember 2016, ikkje går inn for etablering av ein Vestlandsregion, går fylkestinget inn for at det oppnemnde forhandlingsutvalet for regionreforma får fullmakt til å starte og gjennomføre ny dialog og forhandlingar om alternativ ny regionløyising: Samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, der det også vert opna opp for å invitere Møre og Romsdal inn i forhandlingar om ei slik løyising.

Slike eventuelle forhandlingar føreset at Møre og Romsdal, innan utgangen av 2016, stadfestar at dei vil vere med å forhandle om ein intensjonsplan med ein struktur og eit detaljeringsnivå tilsvarande planen av 15.09.16. Møre og Romsdal må òg akseptere ei framdrift som gjev grunnlag for nye fylkestingsvedtak innan utgangen av januar 2017. Dette føreset at også Hordaland aksepterer ein slik invitasjon.

I dette tilfelle gjeld pkt. 2, 2. og 3. avsnitt, og pkt. 4 tilsvarande, men då tilpassa dei fylkeskommunar som vert med på ei slik subsidiær løyising.

Fylkestinget vil nemne opp sine representantar til fellesnemnda jf. inndelingslova §26. Fylkestinget vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.

### **Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet, Høgre, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet** sette fram slikt endringsframlegg (framlegg til endringar med raudt):

Endring punkt 2 Fylkestinget legg til grunn at eit fleirtal i Stortinget i handsaming av St.mld. nr 22 tidlegare i år har sagt at **tal folkevalde regionar** skal reduserast vesentleg.

punkt 2, 3. avsnitt og likeeins i punkt 5 siste avsnitt. Fylkestinget vil nemne opp sine representantar til fellesnemnda i **april 2017** jf. Inndelingslova §26.

Forslag om nytt 3 avsnitt i punkt 5

**Dette føreset også at ein på statleg side aksepterer at vi får høve til å gjere nye fylkestingsvedtak innan utgangen av januar 2017**

**Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Med utgangspunkt i den uavklara situasjonen knytt til framtidige oppgåver for det regionale folkevalde nivået går Sogn og Fjordane fylkeskommune inn for at Sogn og Fjordane held fram som eige fylke. Dersom Stortinget vedtek nye oppgåver for det regionale folkevalde nivået i samsvar med krav frå Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland, vil Sogn og Fjordane fylkeskommune vurdere sin posisjon i ein framtidig regionstruktur på nytt.



For at Sogn og Fjordane skal gå inn i ein ny region må mellom anna følgjande omsyn ivaretakast:

- a) Sogn og Fjordane skal halde fram som eige valdistrikt til stortingsval
- b) Nynorsk skal vere administrasjonsmål i ein ny region
- c) Verdiane som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i Sogn og Fjordane Energi AS skal bli verande i Sogn og Fjordane.

**Miljøpartiet dei grøne** sette fram slikt framlegg til tillegg til pkt. 1:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane legg til grunn følgjande oppgavekrav for eit vidare regionsarbeid

- Vestlandsregionen skal realisere Parisavtalen innan 2030.
- Vestlandsregionen skal skape 30 000 arbeidsplassar innan grøn omstilling innan 2025.
- Vestlandet skal bli den leiande regionen i EU for utvikling og drift av utsleppsfri godstransport til sjøs.
- Vestlandsregionen skal utarbeide og gjennomføre eit eige regionprogram for energieffektivisering.

**Avrøysting:**

Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet Dei Grøne sitt framlegg fekk 12 røyster og vart forkasta.

Punkt 1 i framlegget frå fylkesutvalet fekk 19 røyster og vart vedteke.

Punkt 1 i framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 1 røyst og vart forkasta.

Punkt 2 i framlegget frå fylkesutvalet med endringsframlegga frå Arbeidarpartiet, Høgre, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet fekk 20 røyster og vart vedteke.

Punkt 3 og 4 i tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 20 røyster og vart vedteke.

Punkt 5 i tilrådinga frå fylkesutvalet med endringsframlegga frå Arbeidarpartiet, Høgre, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet fekk 21 røyster og vart vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane er positiv til at det vert etablert ein sterk og attraktiv folkevald vestlandsregion med høg kvalitet i tenestene til innbyggjarane og ei framtidsretta samfunnsutvikling.
2. Fylkestinget legg til grunn at eit fleirtal i Stortinget i handsaminga av Meld. St. 22 (2015-16) tidlegare i år har sagt at tal folkevalde regionar skal reduserast vesentleg. Fylkestinget vil at Sogn og Fjordane vert ein del av ein større region, og syner i denne samanheng til intensjonsplanen av 15.09.2016 og den gjennomførte høyringsprosessen. Fylkestinget syner særleg til dei innkomne uttalanane frå kommunane.

Fylkestinget vil, med grunnlag i inndelingslova, søkje statleg styresmakt om samanslåing med grunnlag i intensjonsplanen. Det er ein føresetnad at Hordaland og Rogaland fylkeskommunar søker tilsvarande.

Fylkestinget vil nemne opp sine representantar til fellesnemnda i april 2017, jf. inndelingslova § 26. Fylkestinget vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.

3. Fylkestinget understrekar at det er heilt uakseptabelt å dele noverande Sogn og Fjordane mellom ulike regionar.
4. Fylkestinget legg intensjonsplanen av 15.09.16 til grunn for ein ny vestlandsregion, med følgjande presiseringar:
  - a) Det er ein viktig føresetnad at krava om oppgåver som er fremja i kapittel 10 i intensjonsplanen vert følgde opp frå sentrale styresmakter både når det gjeld eksisterande og nye oppgåver.

b) Den framtidige administrasjons- og tenestestrukturen må byggje på desentralisering, maktspreiing og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette må gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre sine oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering må dette prinsippet stå sentralt.

c) Fylkestinget i Sogn og Fjordane føreset at Vestlandsregionen skal ha nynorsk som administrasjonsspråk. Fylkestinget i Sogn og Fjordane føreset at Vestlandsregionen gjer vedtak om at staten bruker nynorsk til regionen.

d) Dersom dei nye folkevalde regionane (nasjonalt) får svært ulike innbyggjartal, må Stortinget kunne fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom staten og regionane.

e) Ekspertutvalet som i 2017 skal opprettast i samband med regionreforma, må leggje til rette for at Stortinget kan overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Både rolla som samfunnsutviklar og rolla som leverandør av offentlege tenester og velferdsytingar må styrkast. Fylkeskommunane må vere godt representerte i nemnde utval.

f) Fylkesmannsembetet på Vestlandet må få ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Fylkesmannsembetet må få ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.

g) Vi syner elles særleg til premissane i intensjonsplanen sitt kapittel 10, som også er omtala tidlegare i dette vedtaket.

5. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i desember 2016, ikkje går inn for etablering av ein vestlandsregion, går fylkestinget inn for at det oppnemnde forhandlingsutvalet for regionreforma får fullmakt til å starte og gjennomføre ny dialog og forhandlingar om alternativ ny regionløysing: Samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, der det også vert opna opp for å invitere Møre og Romsdal inn i forhandlingar om ei slik løysing.

Slike eventuelle forhandlingar føreset at Møre og Romsdal, innan utgangen av 2016, stadfestar at dei vil vere med å forhandle om ein intensjonsplan med ein struktur og eit detaljeringsnivå tilsvarande planen av 15.09.16. Møre og Romsdal må òg akseptere ei framdrift som gjev grunnlag for nye fylkestingsvedtak innan utgangen av januar 2017. Dette føreset at også Hordaland aksepterer ein slik invitasjon.

Dette føreset også at ein på statleg side aksepterer at vi får høve til å gjere nye fylkestingsvedtak innan utgangen av januar 2017.

I dette tilfelle gjeld pkt. 2, 2. og 3. avsnitt, og pkt. 4 tilsvarande, men då tilpassa dei fylkeskommunar som vert med på ei slik subsidiær løysing.

Fylkestinget vil nemne opp sine representantar til fellesnemnda i april 2017, jf. inndelingslova § 26. Fylkestinget vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.

**VEDTAK:**

1. Fylkeskommunen held fram med å ta ei koordinerende rolle i å få på plass hurtigladestasjonar i fylket, og bidreg til oppretting av hurtigladestasjonar ved sentrale knutepunkt eller strekningar som ikkje fell inn under ENOVA si støtteordning.
2. Tilskotsordninga vert revidert dersom det frå statleg hald vert gjort endringar i gjeldande støtteordning gjennom ENOVA, eller ved behov når Regional transportplan og Regional plan for klimaomstilling vert vedtatt.
3. Fylkeskommunen bidreg til etablering av hurtigladestasjonen, ikkje til drift og vedlikehald.
4. Maksimal støtte frå fylkeskommunen er kr 100 000 per prosjekt.
5. Ordninga vert finansiert ved at det vert gjev løyve til å disponere restmidlane på klimafond 25699925 der saldoen i dag er kr 680 000. I tillegg må fylkesrådmannen vurdere og ev. følgje opp å søke om støtte frå Miljødirektoratet sine Klimasatsmidlar - dersom kriteria for 2017 opnar for dette.

-----  
**SAK 54/16 Fylkesdelplan arealbruk**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Med heimel i Plan- og bygningslova § 8-3, og forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre (FOR-2008-06-27-742), vert «Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra» vedteken. Planføresegna erstattar kap. 3.2.4 i gjeldande sjekklister i fylkesdelplan for arealbruk, vedteken 18.11.2000.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget vedtek fylkesdelplanen med unntak av punkt 3.4., andre avsnitt. Dette avsnittet blir teke ut av planen, jfr. Plan- og bygningslovas § 8-4, samt ei rekke nasjonale føresegnar.

**Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget syner til at Fylkesdelplan for arealbruk (no regional plan) skal reviderast i 2018. Fylkestinget føreset at føresegna blir revidert på nytt i samband med dette, særleg med omsyn til ikkje å vere til hinder for større handelsetableringar i sentrumsområda også i andre tettstader enn Førde, Florø og Sogndal.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet Dei Grøne fekk 12 røyster og vart forkasta.

Tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 19 røyster.

Framlegget frå Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Framstegspartiet vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Med heimel i Plan- og bygningslova § 8-3, og forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre (FOR-2008-06-27-742), vert «Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra» vedteken. Planføresegna erstattar kap. 3.2.4 i gjeldande sjekkliste i fylkesdelplan for arealbruk, vedteken 18.11.2000.

Fylkestinget syner til at Fylkesdelplan for arealbruk (no regional plan) skal reviderast i 2018. Fylkestinget føreset at føresegna blir revidert på nytt i samband med dette, særleg med omsyn til ikkje å vere til hinder for større handelsetableringar i sentrumsområda også i andre tettstader enn Førde, Florø og Sogndal.

-----  
Representanten Stein Faleide Malkenes sette fram ein på førehand varsla førespurnad til fylkesordføraren. Ho svarte på denne.

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 6. og 7. desember på Fylkeshuset, Leikanger kommune, var slutt kl. 16:40.